

## Kunstgrasbane klår til hausten?

09.03.2014



Kunstgrasbane rullast ut på Valen sist haust. Kjem turen no til Uskedalen?

**Vil også Uskedalen no få kunstgrasbane som er klår 1. oktober?**  
**Det er målet for idrettslaget som har sendt søknad om kommunalt byggetilskot. Søknaden går ut på at byggestarten skal skje allereie 1. juni**  
**Finansieringsplanen opererer med summen 2 455 308 kroner som er fordelt slik:**

- \* **Kommunalt tilskot 818 436**
- \* **Eventuelt spelemiddeltilskot 818 436**
- \* **Private tilskot og gåver 409 218**
- \* **Dugnad 409 218**

Kunstgraset med membran vil kosta halvannan million.  
Laget vil søkje Sparebankstiftinga, Mohnfondet og ei rekkje andre fond samt bedifter i lokalsamfunnet om støtte  
Kostnaden til drift av anlegget er berekna til 25 000 i året

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen  
Foto: Kvinnheringen